

# Samarbeidsavtale

Avtale om Landmålingtenester

---

## Avtale om bistand

Avtale om levering av oppmålingstenester, landmålingstenester med naturleg tilhøyrande tenester.

### er inngått mellom:

Austrheim Kommune

---

(heretter kalla Austrheim)

### og

Fedje Kommune

---

(heretter kalt Fedje)

### Sted og dato:

[Austrheim, 12.12.2022]

---

Berit Karin Rystad, Kommunedirektør Fedje  
Kommune.

Bjørnar Fjellhaug, Kommunedirektør  
Austrheim Kommune

---

Underskrift

---

Underskrift

Avtalen skal underteiknast i to eksemplar, eitt til kvar part.

### Førespurnader

Alle førespurnader som gjeld denne avtalen, rettast til:

#### Hos Fedje

Navn: Berit Karin Rystad

Stilling: Kommunedirektør

E-post:

berit.karin.rystad@fedje.kommune.no

#### Hos Austrheim

Navn: Thomas Lindås

Stilling: Kommunalsjef Forvaltning & Service

E-post:

Thomas.lindas@austrheim.kommune.no

# Innhold

<b>1. ALMINNELEGE VILKÅR.....</b>	<b>4</b>
1.1 OMFANGET AV KONSULENTBISTANDEN .....	4
1.2 VARIGHEIT OG OPPSEIINGSFRIST .....	4
<i>Avtalens varighet strekker seg frå 21.10.2022 til den blir sagt opp av ein av partane. ....</i>	<i>4</i>
<i>Gjensidig oppseiingsfrist er 3 månader for partane. ....</i>	<i>4</i>
1.3 OMFANG AV TENESTEN .....	4
1.4 PRIS .....	4
1.5 NØKKELPERSONELL .....	5
<b>2. ENDRING, STANSING OG AVBESTILLING .....</b>	<b>5</b>
2.1 ENDRINGAR I YTINGA ETTER AVTALEINNGÅINGA .....	5
<b>3. PARTANE SINE PLIKTER .....</b>	<b>5</b>
3.1 AUSTRHEIM SINE PLIKTER .....	5
3.2 FEDJE SINE PLIKTER.....	5
3.3 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON .....	6
3.4 TEIEPLIKT .....	6
3.5 SKRIFTLIG MELDING .....	7
<b>4. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR.....</b>	<b>7</b>
4.1 VEDERLAG.....	7
4.2 FAKTURERING .....	7
4.3 FORSEINKINGSRENTE .....	7
4.4 BETALINGSMISLEGHOLD .....	8
4.5 PRISENDRING.....	8
<b>5. MISLEGHOLD.....</b>	<b>8</b>
5.1 KVA SOM VERT REKNA SOM MISLEGHOLD.....	8
5.2 VARSLINGSPLIKT .....	8
5.3 SANKSJONAR VED MISLEGHOLD.....	8
5.3.1 <i>Tilbakehald av ytingar.....</i>	<i>8</i>
5.3.2 <i>Prisavslag .....</i>	<i>9</i>
5.3.3 <i>Heving .....</i>	<i>9</i>
5.3.4 <i>Erstatning.....</i>	<i>9</i>
5.3.5 <i>Erstatningsavgrensing.....</i>	<i>9</i>
<b>6. ANDRE VILKÅR .....</b>	<b>9</b>
6.1 FORSIKRINGAR .....	9
6.2 FORCE MAJEURE.....	10
<b>7. TVISTAR .....</b>	<b>10</b>
7.1 RETTSVAL.....	10
7.2 FORHANDLINGAR.....	10
7.3 MEKLING .....	10
7.4 DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING .....	11

## **1. ALMINNELEGE VILKÅR**

### **1.1 OMFANGET AV KONSULENTBISTANDEN**

Austrheim skal yte fagleg bistand under leiing av Fedje, heretter kalla bistanden.

I den utstrekning Fedje ønsker det, skal Austrheims ressurs også delta i andre aktivitetar som inngår i ressursens kompetanseområde.

Med avtalen meiner ein denne generelle avtaleteksten.

### **1.2 VARIGHEIT OG OPPSEIINGSFRIST**

Avtalens varighet strekker seg frå 21.10.2022 til den blir sagt opp av ein av partane.

Gjensidig oppseiingsfrist er 3 månader for partane.

### **1.3 OMFANG AV TENESTEN**

Austrheim leverer ein **10 %** ressurs som i utgangspunktet skal stille på Fedje annankvar fredag. Dette tilsvarer **23** arbeidsdager pr år.

Ressursen tek ferja kl. 08:10 frå Austrheim og tilbake igjen frå Fedje kl. 14:30. Dette skal reknast som ein heil arbeidsdag. Risiko for endring av ferjetider ligg på Fedje.

Fedje kan avtale individuelle tilpasningar med ressursen om kva dagar tenesten skal leverast. Austrheim skal ha beskjed om disse tilpasningane.

Ved førespurnad frå Fedje kan partane avtale eit større omfang av tenesteytelsen frå Austrheim.

Austrheim si evne til å levere tenesten avheng av å ha si eige ressurs tilgjengeleg. Er denne ressursen ikkje tilgjengeleg for Austrheim er denne heller ikkje er tilgjengeleg for Fedje og Austrheim vil vere fri for alle forpliktelser etter denne avtalen. Dette gjeld til dømes ved sjukdom hjå ressursen.

På same måte som Austrheim bærer risikoen for arbeidet til si Landmålar, bærer Fedje risikoen for påreknelige feil ressursen gjer under arbeid for Fedje.

### **1.4 PRIS**

Pris er bekrekna til **150.000,-** KR pr år, eks mva.

Timespris for tenesten utover det som over er avtalt er KR 970,- pr time, eks mva.

## **1.5 NØKKELPERSONELL**

Austrheim sitt nøkkelpersonell i samband med utføringa av bistanden er Alf Kvant.

Skifte av nøkkelpersonell hos Austrheim skal godkjennast av Fedje. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

## **2. ENDRING, STANSING OG AVBESTILLING**

### **2.1 ENDRINGAR I YTINGA ETTER AVTALEINNGÅINGA**

Endringar av eller tillegg til den avtalte ytinga skal avtalast skriftleg.

Dersom Austrheim meiner innhaldet i eller omfanget av bistanden vert endra undervegs, må det utan ugrunna opphald meldast skriftleg til Fedje. Er ikkje det gjort, skal bistanden gjennomførast til avtalt tid og pris.

## **3. PARTANE SINE PLIKTER**

### **3.1 AUSTRHEIM SINE PLIKTER**

Bistanden skal gjennomførast i samsvar med avtalen, og skal utførast profesjonelt, effektivt og med høg fagleg standard.

Austrheim skal nytte dei standardar og/eller metodar eller liknande som Fedje eventuelt har oppgitt.

Førespurnader frå Fedje skal svarast på utan ugrunna opphald.

Austrheim skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Austrheim forstår eller bør forstå at kan få innverknad på gjennomføringa av bistanden, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

### **3.2 FEDJE SINE PLIKTER**

Fedje skal lojalt medverke til gjennomføring av bistanden. Fedje skal stille med GISLINE og Kontorutstyr på arbeidsplassen i Fedje.

Førespurnader frå Austrheim skal svarast på utan ugrunna opphald.

Fedje skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Fedje forstår eller bør forstå at kan få innverknad på gjennomføringa av bistanden, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

### **3.3 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON**

Begge partar skal sørge for forsvarleg kommunikasjon og oppbevaring av dokument og anna materiale som har noko å seie for bistanden uansett form, medrekna e-post og anna elektronisk lagra materiale.

### **3.4 TEIEPLIKT**

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtalen og gjennomføringa av avtalen, skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Dersom Fedje er ei offentleg verksemd, er teieplikt etter denne regelen ikkje meir omfattande enn det som følger av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) eller tilsvarende sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne føresegna er ikkje til hinder for utlevering av informasjon som er kravd lagt fram i samsvar med lov eller forskrift, medrekna offentlegheit og innsynsrett som følgjer av lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Om mogleg, skal den andre parten varslast før slik informasjon vert gitt.

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane vert brukte når inga rettkomen interesse tilseier at dei vert haldne hemmelege, for eksempel når dei er alminneleg kjende eller alminneleg tilgjengelege andre stader.

Partane skal ta nødvendige forholdsreglar for å sikre at uvedkomande ikkje får innsyn i eller kan verte kjent med teiepliktig informasjon.

Teieplikta gjeld partane sine tilsette, underleverandørar og tredjepartar som handlar på partane sine vegner i samband med gjennomføring av avtalen. Partane kan berre overføre teiepliktig informasjon til slike underleverandørar og tredjepartar i den utstrekning dette er nødvendig for gjennomføring av avtalen, føresett at desse vert pålagde plikt til konfidensialitet tilsvarende dette punkt 3.6.

Teieplikta er ikkje til hinder for at partane kan utnytte erfaring og kompetanse som vert opparbeidd i samband med gjennomføringa av avtalen.

Teieplikta gjeld også etter at avtalen er opphørd.

### **3.5 SKRIFTLIG MELDING**

Alle varsel, krav eller andre meldingar knytte til denne avtalen skal givast skriftleg til den postadressa eller elektroniske adressa som er oppgitt på framsida av avtalen, med mindre partane har avtalt noko anna for den aktuelle typen førespurnad.

## **4. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR**

### **4.1 VEDERLAG**

Vederlag og betalingsvilkår går fram av punkt 1.4. Med mindre anna er oppgitt i er alle prisar oppgitt eksklusive meirverdiavgift. Alle prisar er i norske kroner.

Utlegg, inklusive reise- og diettkostnader, vert berre dekte i den grad dei er avtalte. Reise- og diettkostnader skal spesifiserast særskilt, og vert dekte etter Statens gjeldande satsar dersom ikkje anna er avtalt. Reisetid vert berre fakturert dersom det er avtalt.

### **4.2 FAKTURERING**

Fakturering skjer etterskotsvis pr. måned. Fakturert beløp skal gjelde den tida som er gått med fram til faktureringstidspunktet, og eventuell dekking av utgifter som har kome på i same tidsrom.

Betaling skal skje etter faktura per 30 (tretti) kalenderdagar. Austrheim sine fakturaer skal spesifiserast og dokumenterast slik at dei kan kontrollerast av Fedje. Alle fakturaer for jamlege timar skal vere vedlagde detaljert spesifikasjon over timar som er komne på. Utlegg og andre utgifter skal oppgivast særskilt.

Fedje skal leggetil rette for at Austrheim kan levere faktura, kreditnotaer og purringar i samsvar med det fastsette formatet Elektronisk handelsformat (EHF).

Austrheim må sjølv bere eventuelle kostnader som leveranse av elektronisk faktura måtte medføre for denne.

### **4.3 FORSEINKINGSRENTE**

Dersom Fedje ikkje betaler til avtalt tid, har Austrheim krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

#### **4.4 BETALINGSMISLEGHALD**

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) kalenderdagar frå forfall, kan Austrheim sende skriftleg varsel til Fedje om at avtalen vil verte heva dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) kalenderdagar etter at varselet er mottatt.

Heving kan ikkje skje dersom Fedje gjer opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan utløpet av fristen.

#### **4.5 PRISENDRING**

Prisane kan endrast i den utstrekning reglane for offentlege avgifter vert endra med verknad for Austrheim sitt vederlag eller kostnader.

Prisen kan endrast etter semje mellom partane.

### **5. MISLEGHALD**

#### **5.1 KVA SOM VERT REKNA SOM MISLEGHALD**

Det ligg føre misleghald dersom ein av partane ikkje oppfyller forpliktingane sine etter avtalen, og det ikkje kjem av forhold som den andre parten er ansvarleg for, eller force majeure. Sjå likevel begrensning av Austrheim sitt ansvar, jf. punkt 1.3 over.

#### **5.2 VARSLINGSPLIKT**

Dersom ein av partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal parten så raskt som mogleg gi den andre parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet og så vidt det er mogleg oppgi når ytinga kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må reknast med ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

#### **5.3 SANKSJONAR VED MISLEGHALD**

##### **5.3.1 Tilbakehald av ytingar**

Ved misleghald frå Austrheim kan Fedje halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre Fedje sitt krav som følger av misleghaldet. Austrheim kan ikkje halde tilbake ytingar som følge av misleghald frå Fedje, med mindre misleghaldet er vesentleg.

### **5.3.2 Prisavslag**

Dersom det trass gjentatte forsøk ikkje har lykkast Austrheim å avhjelpe ein mangel, kan Fedje krevje forholdsmessig avslag i kontraktssummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning.

### **5.3.3 Heving**

Dersom det ligg føre vesentleg misleghald, kan den andre parten, etter å ha gitt den misleghaldande part skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad.

### **5.3.4 Erstatning**

Ein part kan krevje erstatta kvart eit direkte tap, medrekna meirkostnader ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald i samsvar med punkt 6.1, med mindre den misleghaldande parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande parten.

### **5.3.5 Erstatningsavgrensing**

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt fortjeneste av alle artar, tapte innsparingar, tap av data, og krav frå tredjepartar med unntak av erstatningsansvar ein er dømt til for rettsmanglar.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarer til avtalt vederlag eller eit øvre estimat for bistanden, eksklusive meirverdiavgift.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande parten eller nokon denne svarer for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

## **6. ANDRE VILKÅR**

### **6.1 FORSIKRINGAR**

Fedje er ei offentleg verksemd, og står som sjølvassurandør.

Austrheim pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekke dei krava frå Fedje som følger av Austrheim sin risiko eller ansvar etter denne avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår. Denne forpliktinga vert rekna som oppfylt dersom Austrheim teiknar ansvars- og risikoforsikring på vilkår som er rekna som ordinære innanfor norsk forsikringsverksemd.

## **6.2 FORCE MAJEURE**

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll som gjer det uråd å oppfylle plikter etter denne avtalen og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Forpliktingane til den ramma parten vert suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytinga frå den andre parten vert suspendert i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre heve avtalen med samtykke frå den ramma parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) kalenderdagar rekna frå det tidspunktet situasjonen inntreffer, og då berre med 15 (femten) kalenderdagens varsel.

I samband med force majeure-situasjonar har partane gjensidig informasjonsplikt overfor kvarandre om alle forhold som må ventast å ha noko å seie for den andre parten. Slik informasjon skal givast så raskt som mogleg.

## **7. TVISTAR**

### **7.1 RETTSVAL**

Partane sine rettar og plikter etter denne avtalen vert i heilskap fastsette etter norsk rett.

### **7.2 FORHANDLINGAR**

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av avtalen, skal tvisten først søkast løyst gjennom forhandlingar.

### **7.3 MEKLING**

Dersom ein tvist i tilknytning til denne avtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å legge Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærare framgangsmåten for mekling vert fastsett av meklaren, i samråd med partane.

#### 7.4 DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING

Dersom ein tvist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Fedje sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved skiltdom.

\*\*\*\*\*